



Skjåk kommune
Personal, kompetanse og
utvikling

Postmottak HOD

Sendt som epost.

Vår ref
2014/98/3/U60

Dykkar ref:

Saksbehandlar
Unnvald Bakke

Dato
14.04.2014

unnvald.bakke@skjaak.kommune.no

Høring - Endringer i alkoholregelverket - Åpningstider for salg av alkoholholdig drikk m.v.

Behandling i Helse- og omsorgsutvalet - 03.04.2014

Vedtak i Helse- og omsorgsutvalet - 03.04.2014

Skjåk kommune sluttar seg til forslaget til felles uttale til høyring om endringer i alkoholregelverket.

Samrøystes.

Med helsing

Unnvald Bakke

Vedlegg

- 1 Felles uttale frå regionen om opningstider for sal av alkoholholdig drikk

Postadresse
Moavegen 30
2690 Skjåk

Heimeside
www.skjaak.kommune.no
E-post
post@skjaak.kommune.no

Telefon
61217000
Telefaks
61217001

Bank
2085.07.40004
Org.nr
961381096



Forslaget til felles høyringsvar frå kommunane i Nord-Gudbrandsdal

*Sak: Høyringsnotat 27. januar 2014 — «Forslag om endring av lov 2. juni 1989 nr. 27 om omsetning av alkoholholdig drikk mv (alkoholoven)— åpningsdager for salg av alkoholholdig drikk m.v.»
Høyringsnotatet inneheld forslag om at AS Vinmonopolet kan halde butikkane opne jul-, nyttårs-, påske- og pinseaftan.*

Det er også forslag om å opne for sal av alkoholhaldig drikk frå AS Vinmonopolet og daglegvarebutikkar på valdagar og dagar før folkeavrøysting.

Høyringsinstansane blir også bedne om å vurdere endringar i regelverket for når det kan skje utlevering av alkoholhaldig drikk bestilt via internett eller telefon frå AS Vinmonopolet. Altså om utlevering av alkoholholdig drikk kan skje i heile Posten si opningstid.

Det ser ut som at høyringsforslaget tek utgangspunkt i reint praktiske spørsmål om servicehaldningar, og det blir hevda at dette er tiltak som er nødvendig for å halde på god oppslutning om vinmonopolordninga.

Noreg har gjennom Alkohollova praktisert ein restriktiv alkoholpolitikk i forhold til sal- og opningstider. Det er gjennom brei forskning vist at utvida opningstider fører til auke i alkoholkonsum, og at restriktive haldningar reduserer alkoholkonsumet. Samtidig veit vi at det er gode grunnar til at det ikkje er tilrådelig å lette tilgang av alkohol inn mot høgtider og andre fridagar. Impulskjøp i siste liten skjer ofte av personar og i familiar der det allereie er stort alkoholbruk.

Alkoholpolitikken har til nå vore ført etter ein praksis der fleirtalet i befolkninga aksepterer restriksjonar gjeldande sal og skjenking av alkohol, for å beskytte den delen av befolkninga som har utfordringar i forhold til alkoholbruk. Forsking viser klart at redusert alkoholkonsum reduserer alkoholmisbruk og skadar.

Kommunane i Nord-Gudbrandsdalen meiner derfor at det ikkje er grunn til å endre alkohollova på dei områda som er foreslegne.